

## ***Foreldresamarbeid i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa***

I høve foreldresamarbeid i grunnskulen er det kome inn presiseringar og tillegg i Opplæringslova. Nedanfor finn du desse punkta direkte sitert:

### **§ 20-1. Formålet med foreldresamarbeid**

Skolen skal sørge for samarbeid med heimen, jf. opplæringslova §§ 1-1 og 13-3d. Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.

### **§ 20-3. Foreldresamarbeid i grunnskolen**

Skolen skal halde kontakt med foreldra gjennom opplæringsåret.

Skolen skal i starten av kvart opplæringsår halde eit foreldremøte der foreldra informerast om skolen, innhaldet i opplæringa, medverkinga til foreldra, rutinar og anna som er relevant for foreldra. (...)

Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga. I tillegg skal kontaktlæraren samtale med foreldra om utviklinga til eleven i lys av opplæringslova § 1-1, generell del og prinsipp for opplæringa i læreplanverket. Samtalen skal klargjere korleis eleven, skolen og foreldra skal samarbeide for å leggje til rette for læringa og utviklinga til eleven. Eleven kan vere med i samtalen med foreldra. Når eleven har fylt 12 år, har han eller ho rett til å vere med i samtalen. Samtalen kan sjåast i samanheng med samtalen med eleven etter § 3-11 tredje ledd og halvårsvurdering i fag etter § 3-13.

Foreldra skal få munnleg eller skriftleg:

- a) varsling om eleven sitt fråvær
- b) varsling dersom det er fare for at det ikkje er grunnlag for vurdering i fag, orden og oppførsel eller fare for at eleven kan få karakteren nokså godt eller lite godt i orden eller oppførsel, jf. § 3-7
- c) informasjon om eleven og foreldra sine rettar og pliktar etter opplæringslova og forskrifta
- d) anna viktig informasjon om eleven, med mindre denne er underlagt teieplikt etter anna lovgiving.

For meir utfyllande informasjon til referansar i Opplæringslova, kan ein finna heile lovverket på nettet. Søk etter Forskrift til Opplæringslova. Ta elles kontakt med skulen dersom du har spørsmål!

Odd Bukve  
Rektor